

## Europaparlamentet drøftar personvern

- *Utkast til innstillingar til nytt personvernregelverk er lagt fram og frist for endringsforslag i Europaparlamentet er 27. mars.*
- *Begge saksordførarane gjer framlegg om ei rekkje endringar i høve til Kommisjonens framlegg*
- *Rådet har kome lengre i drøftingane av forordninga enn direktivet, men det irske formannskapet bidrar til nå til raskare framdrift*
- *Det er ikkje venta forhandlingar mellom Rådet og Parlamentet før til hausten og målet er å få vedteke nytt regelverk før val til nytt Europaparlament i juni 2014.*

Borgarretts-, justis- og innanrikskomiteen (LIBE) i Europaparlamentet held fram med behandlinga av framlegget til nytt personvernregelverk i EU. Dette omfattar eit framlegg til ei [forordning om behandling av persondata](#) og eit direktiv om [personvern i samband med politisamarbeid og rettsleg samarbeid](#).

Dei to saksordførarane har nå begge lagt fram sine utkast til innstillingar. Andre medlemmar i Europaparlamentet har frist til 27. februar for å kome med sine endringsframlegg. Dato for avstemming i komiteen er ennå ikkje fastsett, men dei to saksordførarane har indikert at Europaparlamentet kan vere klare til å starte forhandlingar med Rådet i mai. Det er neppe realistisk at Rådet er klare så rakst (sjå nedanfor).

*Saksordføraren for persondataforordninga, [Jan Philipp ALBRECHT](#) (Dei grøne, Tyskland) [skriv i sitt utkast til innstilling](#) at teknologisk endring og internasjonalisering gjer at det er behov for endring i eksisterande lovgjeving. Dagens situasjon er både uoversiktleg for den enkelte borgar og for verksemdene i den indre marknaden. Albrecht støttar hovudintensjonane til Kommisjonen. Han seier seg lei for at Kommisjonen ikkje har gjort framlegg om eit felles instrument, men altså har fremja eit særskilt framlegg for politi- og rettslag samarbeid. Han ynskjer å gje Kommisjonen mindre fullmakter i form av gjennomføringsrettsakter og delegererte rettsakter. Han er opptatt av å styrke individuelle rettar, m.a. ved å presisere definisjonane av persondata og klargjere krav om samtykke, retten til tilgang til og til å få sletta egne data. Innstillinga tek også til orde for å styrke indre marknadsdimensjonen gjennom bl.a. klarare reglar og retningsliner for verksemdar. Han vil også sikre meir effektiv gjennomføring bl.a. gjennom administrativt samarbeid mellom nasjonale datatilsyn. Endeleg ynskjer han å styrke den internasjonale dimensjonen bl.a. når det gjeld reglar for utlevering av data til tredjeland. Han har i alt foreslått 350 endringar til Kommisjonens framlegg.*

*Saksordførar for direktivet, [Dimitrios DROUTSAS](#) (S&D, Hellas) skriv også i [sitt utkast til innstilling](#) at teknologisk endring krev revisjon av reglane. Han understrekar at personvern er ein grunnleggjande rett som berre unntaksvis kan fråvikast. Det er derfor viktig med klare definisjonar og at samarbeid om persondata skjer på ein lovleg, rettferdig og open måte. Mellom anna må ikkje data kunne brukast til andre formål enn det som var bestemt da innsamlinga skjedde. Utveksling av data mellom ulike EU-land, til tredjeland eller mellom styresmakter og private aktørar skal berre skje i samsvar med klare reglar. Det er viktig å evaluere erfaringane med reglane for hindre ei utvikling i retning av eit overvakingssamfunn. Droutsas har i alt foreslått 169 endringar.*

I Rådet har det irske formannskapet prioritert arbeidet med persondataforordninga, medan det er mindre framdrift på arbeidet med direktivet. Dette kan delvis ha samanheng med at direktivet er Schengen-relevant og at Irland ikkje er med i Schengen. Samstundes er det generelt større semje om behovet for revisjon av reglane som er omfatta av forordninga blant medlemslanda jf. ikkje minst store teknologiske endringar sidan gjeldande regalar vart fastsett. Samla er regleverket i dei to framlegga komplisert og medlemslanda har hatt behov for å gå grundig inn i detaljane. Mange har sett behov for å klargjere virkeområdet til forordninga for dermed også lettare å kunne sjå virkeområdet til direktivet. I tillegg vil det vere behov nasjonalt å vurdere virkeområdet til dei to framlegg fordi nasjonale reglar vil måtte supplere dei reglane som blir fastsett i EU.

Rådet vil nå også kunne ta omsyn til innstillingane frå Europaparlamentet i sine drøftingar. Samla sett er det ikkje venta at Rådet vil vere klart til å forhandle med Parlamentet før etter sommaren. Personvernpakka var drøfta på det uformelle justisrådsmøtet i januar og er også venta å stå på dagsorden på det formelle justisrådsmøtet 7. – 8. mars.

Både Parlamentet og Kommisjonen har uttalt at målet er å få endeleg vedtak i denne saken før valet til nytt Europaparlament i juni 2014.

Per S. Nestande  
13.2.2013